



Dommaren måler og vurderer

Det var mykje folk samla på plassen ved skulen då Hordaland elghundklubb arrangerte den årvisse utstillinga. Heile 61 elghundar av 5 ulike typar vart stilte ut. 45 av desse var Norsk elghund svart. For desse hundane er det den desidert største utstillinga i landet, dobbelt så stor som den neststørste.



Folk kosa seg i utstillingsområdet.

Dei tilreisande kjem frå heile landet, og fredag kveld var det samling i Gamleskulen med betasuppe, massevis av kaker og god drøs. Dommaren, Frank Christensen frå Trøndelag, hadde også innlegg om kva som vert vurdert under bedømminga. Nestleiar i Hordaland elghundklubb, Vidar Lillevik frå Stord, kunne fortelja om svært godt framme opningskvelden, og det var ei skikkeleg trivleg sosial stund.

Då eg var nedom skuleområdet i 11-tida laurdag føremiddag, var utstillinga i full gang. Ein etter ein vart hundane vurdert nøye av den erfarne dommaren. Han målte høgde, undersøkte tenner, sjekka pels, gemytt, bygning og bevegelse. For kvar hund les han opp over høgtalaranlegget korleis han vurderte hunden innanfor dei ulike områda. Han gav dei også vurderingsgrad etter skalaen Good, Very good og Excellent. Seinare i dag vil hundane som vert vurdert til Excellent gå vidare og kjempa for CK.

Lillevik kan fortelja om eit svært aktivt og veksande elghundmiljø i Kvinnherad, og at dei er flinke å stilla ut hundane sine.

- Det er viktig. Ikkje berre for å sjå kva sløyfe dei vert premiært med, men endå meir med tanke på avl, legg nestleiareren til. Vidar Hellås frå Sandvoll er leiar i Hordaland elghundklubb.

Søndag er det klart for bandhundkurs. Det føregår i Tveitedalen, og der er heile 22 påmelde. Også det er rekord. På det kurset er det mykje nye folk. Nokre som nett har skaffa seg hund, og andre som har bestemt seg for å kjøpa. Dermed får dei eit godt grunnlag for å læra opp hunden.

- På kurset er det hovudsakleg teori og film, fortel Lillevik, og legg til at dei også går litt forsiktig på skogen med hund.

- Vi er forsiktige for vi vil ikkje forstyrre hjorten no, er forklaringa på det.



Vidar Lillevik nærast til venstre på biletet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland